

## Tilsyn med innhaldet i barnehagen

# 1. Barnehagen skal vareta barna sitt behov for omsorg

Dei rettslege krava er utarbeidde til bruk i tilsynsrapporten for å forklare barnehageeigaren kva kvart krav inneber. Denne sida høyrer til pålegget om at barnehageeigaren må sørge for at barnehagen varetek behovet til barna for omsorg.

---

ARTIKKEL | SIST ENDRET: 29.06.2023

---

## 1.1 Barnehagen må ha eit kompetent personale som varetar barna sitt behov for omsorg

Barnehagepersonalet skal vere kompetent til å vareta barna sitt behov for omsorg. Barnehageeigaren har ansvaret for at barnehagen har eit kompetent personale og blir driven i samsvar med gjeldande regelverk, jf. barnehagelova § 7.

Eit kompetent pedagogisk personale er ein føresetnad for eit barnehagetilbod av god kvalitet. Barnehageeigaren må leggje vekt på dei faglege og pedagogiske vurderingane til dei tilsette i styringa. Barnehageeigaren og alle som arbeider i barnehagen, skal saman bidra til å oppfylle måla og krava i rammeplanen med utgangspunkt i dei erfaringane og den kompetansen dei har, jf. forskrift om rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver (rammeplanen) kapittel 2, jf. barnehagelova § 2 sjuande ledd.

Styrar og pedagogisk leiar er gitt konkrete oppgåver i rammeplanen, jf. rammeplanen kapittel 2, og kapittel 3 beskriv plikta som personalet har til å vareta barna sitt omsorgsbehov. Barnehageeigaren må setje personalet i stand til å oppfylle pliktene deira.

## 1.2 Barnehagen må leggje til grunn kva som er best for barnet i arbeidet

## **med å vareta barna sitt behov for omsorg**

Det beste for barnet er eit grunnleggjande omsyn ved alle handlingar som gjeld barn, jf. Grunnlova § 104 andre ledd, FNs konvensjon om barnets rettigheter (barnekonvensjonen) artikkel 3 og barnehagelova § 3 fjerde ledd.

Korleis barna ser på innhaldet i barnehagen, er viktig når barnehagen vurderer kva som er det beste for barnet, jf. Grunnlova § 104 første ledd, barnekonvensjonen artikkel 12 og barnehagelova § 3 første ledd og rammeplanen kapittel 4. Barna skal jamleg få høve til aktivt å vere med på å planleggje og vurdere barnehageverksemda. Barna sine synspunkt skal leggjast vekt på i samsvar med kor gamle og modne dei er, jf. barnehagelova § 3 og rammeplanen kapittel 4. Barnehageeigaren har det overordna ansvaret for at barnehagepersonalet legg det beste for barnet til grunn, jf. barnehagelova § 7.

### **1.3 Barnehagen må vareta barna sitt behov for omsorg**

Barnehagen skal vareta barna sitt omsorgsbehov, jf. rammeplanen kapittel 2, 3 og 7, jf. barnehagelova §§ 2 sjuande ledd og § 7 første ledd. I kapittel 3 i rammeplanen er det utfyllande beskrive kva det inneber å vareta barna sitt behov for omsorg. Personalet må blant anna leggje til rette for omsorgsfulle relasjonar, vareta barna sitt behov for fysisk omsorg og gi barna moglegheita til å få den hjelpa og støtta dei har behov for. Barnehageeigaren har ansvaret for at personalet varetar barna sitt omsorgsbehov, jf. barnehagelova § 7.

### **1.4 Barnehagen må vise gjennom årsplanen korleis barnehagen arbeider for å vareta barna sitt behov for omsorg**

Barnehagen skal med utgangspunkt i rammeplanen fastsetje ein årsplan for den pedagogiske verksemda, jf. barnehagelova § 2 niande ledd. Årsplanen er ein arbeidsreiskap for personalet og dokumenterer vala og grunngevingane til barnehagen. Styraren skal leie prosessen med å utarbeide årsplanen. Årsplanen skal fastsetjast av samarbeidsutvalet i barnehagen. Planen skal vise korleis barnehagen arbeider for å omsetje formålet og innhaldet i rammeplanen til pedagogisk praksis. Årsplanen skal vise korleis barnehagen arbeider med omsorg. Det skal gå fram korleis medverknaden frå barna og foreldra blir teken inn i planleggingsarbeidet, og korleis barnehagen vurderer det pedagogiske arbeidet sitt, jf. rammeplanen kapittel 7. Barnehageeigaren har det overordna ansvaret for at barnehagen utarbeider årsplanen i samsvar med rammeplanen, jf. barnehagelova § 7.

### **1.5 Barnehagen må jamleg vurdere det pedagogiske arbeidet når det gjeld å vareta barna sitt behov for omsorg**

Barnehagen må jamleg vurdere det pedagogiske arbeidet, jf. rammeplanen kapittel 7. Dette inneber at barnehagen må beskrive og analysere det pedagogiske arbeidet ut frå krava i regelverket. Vurderingsarbeidet skal sikre at alle barna får eit tilbod i tråd med barnehagelova og rammeplanen. Vurderingsarbeidet skal byggje på refleksjonar som heile personalgruppa er involvert i. Faglege og etiske problemstillingar skal inngå i vurderingsarbeidet. Personalet skal observere og vurdere trivselen og den allsidige utviklinga til barna fortløpande, med utgangspunkt i barnet sine individuelle føresetnader og kunnskap om utviklinga og behova til barnet. Erfaringane og synspunkta til barnet skal inngå i vurderingsgrunnlaget. Barnehageeigaren har det overordna ansvaret for at barnehagen jamleg vurderer det pedagogiske arbeidet, jf. barnehagelova § 7.

## **1.6 Barnehagen må dokumentere korleis dei arbeider for å vareta barna sitt behov for omsorg**

Dokumentasjonen av det pedagogiske arbeidet skal inngå i barnehagen sitt arbeid med å planleggje, vurdere og utvikle den pedagogiske verksemda, jf. rammeplanen kapittel 7. Dokumentasjon av personalet sitt arbeid synleggjer korleis personalet arbeider for å oppfylle krava i barnehagelova og rammeplanen, medrekna korleis personalet arbeider for vareta barna sitt behov for omsorg. Barnehagen skal dokumentere vurderingar om trivselen og den allsidige utviklinga til barnegruppa og enkeltbarn når det er nødvendig for å gi barnegruppa og enkeltbarnet eit tilrettelagt tilbod. Barnehageeigaren har det overordna ansvaret for at barnehagen dokumenterer korleis dei arbeider for å vareta barna sitt omsorgsbehov, jf. barnehagelova § 7.